



Til: KHMs styre

Sakstype:	Sak Bc Orienteringssak
Møtedato:	07.06.2024
Notatdato:	24.05.2024
Enhet/ Saksbehandler:	Seksjonsleiar Olav Hamran

Arbeid med dokumentasjon og formidling av samlingane

*Orientering om arbeidet med Tiltak 8.1: «Dokumentasjon og formidling av samlingene»,
leveranse: «Nettportaler / annen form for formidling av utvalgte samlinger er etablert»*

Museet har over tid arbeidd med å formidle utvalde etnografiske samlingar, og delar av samlingar, gjennom særskilte nettportaler. Innhaldet i samlingane blir elles formidla på mange andre måtar: gjennom utstillingar, omtalar på nettsidene, artiklar, foredrag osv. Tanken bak nettportalane har vore at museet skulle ta eit tydeleg initiativ til å formidle utvalde samlingar, at informasjon om dei skulle nå fram, til opphavssamfunn og til interessantar med spesiell tilknytning til, eller interesse for, samlingane. Målet har vore å gjere samlingane kjende og tilgjengelege. Vidare har eit ønskje om dialog og auka kunnskap lege bak, mellom anna auka kunnskap om einskilde gjenstandar, kvalitetssikring av namn/termar, bruk og om proveniens generelt.

Gjøahamn

Arbeidet med å utvikle ein nettportal for museets samling av gjenstandar frå Netsilik-folket i Nunavut i Nordaust-Canada tok til i 2013. Roald Amundsen samla i 1903–1905 inn om lag 1000 gjenstandar under overvintring i Gjøahamn under nordvestpassasje-ekspedisjonen. Arbeidet med portalen fann stad i samarbeid med folk i Gjøahamn. Eit viktig grunnlag for samarbeidet blei lagt gjennom overføring av eigarskap av 16 gjenstandar frå museet til eit kultursenter (Nattilik Heritage Centre) i Gjøahamn. Den sentrale tanken med nettportalen var å gjere informasjon om samlinga tilgjengeleg på relevante språk og presentere gjenstandane saman med historisk og nåtidig kontekstmateriale. Gjøahamn-portalen (www.khm.uio.no/gjoahaven/) blei lansert i 2017. Den blei laga i samarbeid med Gjøahamn-samfunnet og kultursenteret der. Tekstene er på inuktitut, fransk, engelsk og norsk.

Arbeidet med portalen bidrog til å etablere ein varig kontakt mellom museet og lokalsamfunnet i Gjøahamn. Museet skal nå låne ut gjenstandar til ei ny utstilling på kulturarvsenteret og den nye utstillinga på Historisk museum med utgangspunkt i samlinga etter Roald Amundsen, som opnar nå 20. juni 2024, er utforma i dialog med representantar for lokalsamfunnet i Gjøahamn.



Santal

I mars 2020 blei ein nettportal for santalsamlinga gjort ferdig; Santal - Museum of Cultural History (uio.no). Det var planlagt ei stor lansering av portalen, med deltakarar frå India og Norge, men det let seg dessverre ikkje gjennomføre på grunn av restriksjonar under covid-19-pandemien. Grunnlaget for denne portalen blei lagt gjennom symposiet «Paul Olav Bodding and The Making of a Scandinavian-Santal Legacy» hausten 2015. (Paul Olav Bodding (1865–1938) virka som misjonær i Santal Parganas, India, frå 1890 til 1934, og sto mellom anna for innsamling av fleire tusen gjenstandar til Universitetets etnografiske museum.) Symposiet var eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket og Universitetet i Tromsø. Det framkom då eit ønskje om å gjere samlinga betre kjend og tilgjengeleg, ikkje minst for organisasjonar og enkeltpersonar i India. Det blei etablert kontaktar med santalske organisasjonar, som var med i arbeidet med portalen. Arbeidet har omfatta produksjon av introduksjonsmateriale, kvalitetssikring av dokumentasjon (tekst, foto mm), språkomsetjing (til engelsk og to santalspråk) samt arbeid med innføring i databasen og teknisk assistanse til tilgjengeleggjering.

Kongo og Izar

Nå, i 2024, som ein del av leveransane under årsplanpunkt 8.1 «Dokumentasjon og formidling av samlingene», har det blitt gjort ferdig to nye portalar:

- Utvalde gjenstandar frå Kongo-samlinga: Portal with objects from the Museum of Cultural History's Congo Collection - Museum of Cultural History (uio.no).
- Presentasjon av museets samling av 40 såkalla bruretepper, Izar, frå Ma'dan-folket i Sør-Irak; The Ma'dan Wedding Blankets Collection - Museum of Cultural History (uio.no).

Desse portalane skil seg frå Santal og Gjøahamn ved at talet på gjenstandar som blir presentert, er mindre. Medan Santal- og Gjøahamn-portalane presenterer heile delsamlingar, inneheld Kongo- og Izar-portalane utval av gjenstandar. Kongo-portalene syner utvalde antropomorfe gjenstandar. Portalen med tepper frå Sør-Irak presenterer ca 40 tepper frå dette området.

Nye portalar

Fire nye portalar vil bli gjort ferdig i 2024:

– Ein portal som presenterer samlinga etter «Konsul» Frederik Ring (1795–1872). Samlinga består av 32 gjenstandar frå New Zealand og øyane i Polynesia. Gjenstandane blei innsamla medan Ring dreiv handel i Valparaiso i Chile. Gjenstandane blei donert til Universitetet i 1833, og er av høg kvalitet. Det faktum at dei er blant dei tidlegaste gjenstandane i etnografisk samling, har vore medverkande til ønsket om å presentere dei gjennom ein portal.

– Ein portal / ev portalar som presenterer samlingane av fotografi og gjenstandar frå Mongolia etter handelsmannen og oppdagaren Oscar Mamen (1885–1951). Gjennom arbeidet til stipendiat Maria Kartveit er det etablert eit breitt kontaktnett med forskarar, institusjonar og styresmakter i Mongolia. Portalen (ev i fleirtal) vil byggje på arbeidet som er gjort med Mamen-samlingane i dei seinare åra, og samstundes vere med på å leggje grunnlag for vidare samarbeid med folk i Mongolia (og forskarar andre stader).



– Kaptein Peter Arups samling frå Rapanui (Påskeøya), som blei innsamla i samband med at han frakta franske misjonærar til øya i 1869. Samlinga er interessant m.a. fordi den er innsamla tidleg i Rapanuis kontakthistorie. Den er av spesiell interesse for opphavssamfunnet. Eit anna poeng med portalen er at styrar ved etnografisk museum, Yngvar Nilsen, bytta bort delar av samlinga med tyske museum. Portalen er slik sett eit bidrag til å få oversyn over, og ev få til ein samla digital presentasjon, av heile samlinga.

– Tekstilsamling frå Assam i Nordaust-India, innsamla i 1990-åra av tekstilkunstnaren Elisabeth Medbøe i samarbeid med museet til utstillinga «I regnskogens skygge». Samlinga er av stor kulturell verdi for Karbi-folk i Assam. Det er etablert kontakt med organisasjonen Centre for Karbi Studies i Assam om samarbeid om dokumentasjon av tekstilane i samlinga.

Tekniske løysingar

Gjøahamn- og Santal-portalene blei laga i samarbeid med UiO-It. Det som blir vist på nettsida, er hausta direkte frå utvalde felt i samlingsdatabasen. «Føremonene» ved denne løysinga, var/er fleire: Ved oppdateringar av informasjon i databasen, blir innhaldet i portalane oppdatert automatisk. Arbeidet med å førebu portalane fann i stor grad stad gjennom å gjennomgå innføringane i databasen, som slik sett blei kvalitetssikra gjennom arbeidet.

Dei seinare portalane er laga på annan måte. Dei haustar ikkje direkte frå databasen, men er laga som eigne, faste nettsider på museets nettsider. Innføringane i samlingsdatabasen blir på same måte gjennomgått og oppdatert gjennom arbeidet med portalane, men det er altså ikkje ein direkte kopling mellom database og nettpresentasjon. Bakgrunnen for ulik teknisk løysing er først og fremst at det ikkje har vore mogleg å få engasjert UiO-It til å gjere arbeidet med å lage nettsidene og kople dei til databasen. Den store overføring av alle museets databasar til ny plattform (Unimus kultur) har i dei siste åra lagt beslag på tilgjengeleg ressursar ved UiO-It. Det har i denne perioden ikkje vore mogleg å prioritere portalane. Det er elles ulike tekniske utfordringar mellom anna knytt til formidling av 3D-dokumentasjon. (Overføringa av samlingane til ny plattform har elles medført at den direkte koplinga mellom Gjøahamn- og Santal-portalene og databasen har gått tapt. Det er behov for å finne ut av korleis dette skal fungere vidare.)

Mål med portalane

Opphavleg var målet å gjere delsamlingar meir tilgjengelege for opphavssamfunn og andre interessentar (t.d. forskarar) med tanke på dialog, samarbeid og kunnskapsproduksjon.

Dette målet er styrande for det pågåande arbeidet med fleire portalar. For Mongolias, Rapanuis og Assams del er målet om dialog og samarbeid med opphavssamfunn viktig. Når det gjeld Rapanui er også eit mål om kontakt og dialog med andre museum og forskarar for å få oversyn over heile Arup-samlinga av stor betydning. I nokon grad også tilsvarande for samlinga etter Frederik Ring. Den er samstundes interessant med tanke på tidleg innsamling til Universitetet i Oslo.

Det ligg føre planar for fleire portalar der målet også er å nå eit interessert publikum i Norge (og i andre land). Det gjeld til dømes ein portal for samurai-drakter og -utstyr, og også ein portal for aust-asiatisk porselen. Etter at dei fire portalane som er under arbeid, er ferdigstilt, vil det vere naturleg å vurdere vidare arbeid med denne typen dialog og formidling. Det gjeld i høve til format, teknisk løysing, drift og vedlikehald. Og ikkje minst, m.o.t faglege og institusjonspolitiske mål for arbeidet.